

Landslaget for lokalaviser

Årsmøte

21. april 2023



LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER



Årsmøte i Landslaget for lokalaviser

Fredag 21. april 2023, klokka 10.00.

Saksliste

1. Konstituering
 - Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter
 - Val av møteiarar
 - Val av referentar
 - Val av redaksjonskomité
2. Årsmelding for 2022
3. Rekneskap for 2022 og balanse per 31.12.2022
4. Strategi- og handlingsplan for 2023 og 2024
5. Fastsetjing av medlemspengar for 2024
6. Val
7. Landsmøte 2024



Styrets årsmelding 2022

Sak 2

Vi kan nok ikkje lenger håpa og tru at det finnest noko som heiter normal-år. Etter år med pandemi og heilt spesielle kår for heile landet og lokalavisene, hadde vi igjen trudd at 2022 skulle bli det store året. Etter at restriksjonar og coronavirus ikkje lenger ville prega oss på same måte som åra før. Men slik vart det ikkje. Russland sin invasjon av Ukraina i februar har sett sitt preg på heile verda. Dette har saman med stigande renter, auka priser på det meste i landet og høge straumprisar sett sitt preg på verda, på Norge og på lokalavisene. Kostnadane har stige kraftig både på papir, trykk og på distribusjon. Samtidig med aukande kostnader og trykk på privatøkonomien, så kan vi seia at det er eit nytt krevjande år for lokalavisene.

Etter at landsmøtet til Landslaget for lokalaviser (LLA) vart avlyst i 2020 og 2021, kunne vi i 2022 endeleg invitera til landsmøte i Ålesund. Med fullsett sal i Ålesund vart Fjordenes Tidende kåra til Årets lokalavis, Hordaland Folkeblad fekk marknadsprisen, Frostingen digitalprisen og Hallingdølen Årets lokalavisside. Journalistprisen gjekk til Sara Finne, med kollegaer i Hordaland og til Hallingdølen. Elias Dahlen fekk pris for Årets lokalavisfoto, medan Hilde Dypaune fekk heidersprisen.

Medlemstal

LLA har inneverande år kunne ønskja velkommen to nye medlemsaviser; Malvik Nytt og Eidsvoll og Ullensaker Blad. Ås Avis og Vestby er gått ut. Ved inngangen til 2023 hadde LLA dermed 113 medlemsaviser, det same som ved inngangen til 2022.

Økonomi

LLA hadde eit særst aktivt år i 2022 noko som viser att i rekneskapen i rekordstor omsetning. Det er fullført og starta opp mange viktige prosjekt for medlemsavisene der arbeidet er løyst av eigne tilsette, prosjektilsette og av tilsette i firma som alle har bidratt med viktig kompetanse og godt arbeid.

Det fine overskotet på rekneskapen for 2022 skuldast i stor grad forsiktig vurdering av avsettingar ved avlysing av landsmøtet i 2020. Med god deltaking og ei nøktern kostnadsramme i 2022 har marginane blitt betre enn budsjettert. Landslaget for lokalaviser har dermed kunne få ei viktig styrking av eigenkapitalen. Driftsinntektene var i 2022 på totalt 8 732 283 kroner. Årsresultat etter finanspostar viser eit overskot på 374 701 kroner. Samla eigenkapital per 31.12.2022 er 2 742 919 kroner.

Årsoppgjeret syner at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne typen organisasjonar.

Pressepolitikk og rammevilkår

Lokalavisene er grunnfjellet i det norske mediemangfaldet, og LLA er glad for å ha medverka til at styrkinga av rammevilkåra for lokalavisene blir vidareført.

Produksjonstilskottet til lokalavisene fekk eit nytt viktig løft i 2022 som resultat av statsbudsjettet. I den store samanhengen er det ikkje så store beløp, men viktig for lokalavisene som treng alle mulege ressursar til å lage viktig og interessant innhald til lesarane.

For LLA er det viktig å få fram for alle politikarane kor viktige lokalavisene landet rundt er for innbyggerane i det enkelte lokalsamfunn, og særleg for lokalt demokrati. Gjennom kraftig kvalitetsheving over år har lokalavisene letta dette arbeidet. Dei fleste stortingsrepresentantar og parti har i dag stor respekt for lokalavisene og deira samfunnsoppdrag og ser verdien av at dei blir sikra gode rammevilkår.

LLA er glad for at Stortinget har vedtatt ei ekstra styrking av dei minste lokalavisene i dei pressepolitiske føringane for dei komande åra. Dette gjennom minst prisjustering av den generelle støtta og opptrapping i produksjonstilskottet til dei minste lokalavisene over tre år, frå og med 2023. Dette er eit styrking som er ekstra viktig for at desse avisene skal klare den digitale omstillinga.

Som følgje av mediestøttelova vedtok Stortinget i 2022 styringssignal for mediestøtta for dei neste fire åra. Dette arbeidet starta for fullt tidleg i 2021 ved at Medietilsynet fekk i oppdrag å utarbeide ein rapport, som dei la fram i desember 2021 med forslag til både nye satsingar og nødvendige endringar på grunn av digitalisering. Dette var eit godt grunnlag som så vart følgde opp vidare fram til Kulturdepartementet la fram sitt forslag i samband med statsbudsjettet for 2023 som vart lagt fram i oktober 2022.

LLA la spesielt ned mykje arbeid for å medverke til gode, rettferdige og framtidsretta forskrifter om produksjonstilskott til nyheits- og aktualitetsmedier. LLA laga grundig høyringsuttale og det var jamleg kontakt og møter i prosessen. Kulturdepartementet fastsette forskriftene hausten 2022 med verknad frå januar 2023. LLA opplever dei nye forskriftene som framtidsretta og positive for lokalavisene. Først og fremst er dei tilpassa ei digital framtid, og frekvens er til dømes ikkje lenger er ein faktor i utmålinga av produksjonstilskott.

LLA ser det som viktig for mediemangfaldet at det blir innført ei ekstra støtte til avisene med under 2000 (1700 er Medietilsynet si utrekning) i opplag. Vidare at det er lagt til rette for støtte til aviser med under minstegrensa i opplag dersom det er lite befolkningsgrunnlag. LLA er og glad for at krava i dei nye forskriftene er endra slik at ikkje mange av dei minste lokalavisene risikerer avkorting i støtta.

LLA er særst glad for å ha nådd fram med mangeårig argumentasjon for reduksjon i eigenandelen for dei minste avisene ved innovasjonstilskott. Eigenandelen er nå vedtatt redusert til 25 prosent og vil gjere det lettare for dei som treng det mest; altså dei minste lokalavisene å søke innovasjonstilskott.

LLA har i mange år hatt ein million i minstetilskott som mål for produksjonstilskottet. Gjennom auken dei siste åra er dette målet nå nær, noko som gir tru på at dette snart skal vere mogleg å nå.

Sjølv om grensene for kven som får produksjonstilskott til nå i det vesentlege samsvarer med behov og slik er fornuftige, meiner LLA har regelverket må vere meir fleksible. LLA meiner at det bør vere muleg også for aviser mellom 6000–12 000 i opplag å få produksjonstilskott dersom det er viktig for å sikre mangfald.

LLA er glad for at SUJO fekk støtte frå 2022. Det bidrar til å hjelpe lokalaviser med å løfte den undersøkjande journalistikken.

LLA har gjennom året vore i møte i Kulturdepartementet og i Stortinget for å fremje lokalavisene sine interesser. Det har vore kontakt med mange enkeltpolitikarar og grupperingar på alle nivå. Vi opplever at det godt engasjement for medias rolle og situasjon, og at det er vilje til vidare styrking av lokalavisenes rammevilkår.

I samband med statsbudsjettet var LLA i høyringsmøte med Stortingets familie- og kulturkomite og transport- og kommunikasjonskomiteen.

LLA har og jamn og god dialog med utveksling av informasjon, synspunkt og forslag med både Medietilsynet og byråkratiet i Kulturdepartementet og andre departement etter behov.

Gjennom året er det og mange saker som gjeld rammevilkår der LLA tar initiativ eller blir beden om hjelp.



LLA vil til slutt få framheve at den største styrken til det norske samfunnet er at vi har høg sosial kapital med tillit til samfunnsinstitusjonane. Det gjer at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet og redaktørstyrte media som trygge rom for alle til å ytre seg, blir den sosiale kapitalen tappa og tillitssamfunnet vil gradvis forvitra. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Distribusjon

Frå juli 2020 reduserte Posten frekvens for postomdeling til annankvar dag. I samband med dette arbeidde LLA særskilt aktivt saman med resten av mediebransjen for å få ei god kompensasjonsordning gjennom statleg anbodskjøp av distribusjon der det ikkje går avisbod, og dei dagane det ikkje er ordinær postomdeling. Målet var at alle skal få papiravisa også etter endringa.

Denne såkalla motsykliske løysinga vart vedtatt og sett ut i livet gjennom to anbod, eitt med Posten på kvardagar og eitt med Aktiv

Norgesdistribusjon – som er aviskonsernas felles distribusjonsselskap – for laurdagar.

Etter oppstart viste det seg at det var mange adresser som ikkje gjekk inn i anbodet og det vart av bransjeorganisasjonane gjort eit stort arbeid for å få utvida anboda. Samferdselsdepartementet har heile tida vore positiv og det lukkast å få med dei aller fleste adressene.

Samferdselsdepartementet har nå to gonger nytta opsjonen til å utvide anbodet med eitt nytt år slik at et nå er vidareført til juli 2024. Då må det kome nytt anbod og arbeidet med dette er alt i gang. LLA vil vere aktiv for å få ei best muleg løysing for lokalavisene også i åra etter 2024.

LLA har jamleg kontakt med distribusjonsselskapa i mediekonserna og dei uttrykker at det er store utfordringar med å klare å oppretthalde ein kostnadseffektiv distribusjon når papiroplaget fell. Det er òg mange aviser som reduserer frekvens. Dette gir innsparingar, men og utfordringar for distribusjonen. Dei fleste har fått vesentleg kostnadsauke i nye distribusjonsavtalar. Dette er med på å påverke papiravisøkonomien. LLA har dialog med Posten om kvalitet og vilkår i distribusjonen. Vi møter forståing for fleksibilitet i kravet til frekvens.

Godt samarbeid med bransjeorganisasjonar

LLA samarbeider godt med dei andre organisasjonane i mediebransjen; jamleg gjennom møter i bransjerådet, og elles etter behov der det er naturleg.

Vi samarbeider mykje med Mediebedriftene om rammevilkår frå mediepolitikk til distribusjon, og opplever at det er ein styrke å stå saman når det er naturleg og mogleg.

Vi har og eit godt samarbeid om mediepolitiske arrangement under Arendalsuka. I 2022 hadde vi god oppslutnad på fleire debattar med sentrale politikarar og medieaktørar der lokalavisene og LLA deltok. Mellom anna hadde vi debatt i samband med at Ytringsfrihetskommisjonen la fram sin rapport der.

Gjennom samlokaliseringa i Pressens hus samarbeider LLA med dei andre medieorganisasjonane om arrangement og tiltak. Mellom anna arrangerte vi debatt om mediepolitikk etter at statsbudsjettet for 2023 vart lagt fram. For bransjen var den viktigaste saka her innføringa av ein ny digital moms på levande bilde medier. Den er først og fremst retta mot distribusjon, men vil og vere uheldig for lokalavisene i ei framtid der publisering av levande bilete sannsynlegvis blir endå viktigare.

LLA har gjennom året sendt høringsuttalar om

- NRK-plakaten
- Forslag til endring i mediestøtteordningane
- Ny forskrift om produksjonstilskott til nyhende- og aktualitetsmedier
- Ny forskrift om innovasjonstilskott til nyhende- og aktualitetsmedier.

Marknads- og informasjonsarbeidet

Trendane i mediemarknaden held fram: Færre les papiraviser, og fleire les nettaviser. Institutt for reklame og medier sine tal viser også at dei digitale annonseinntektene stig, medan annonseinntektene gjennom papirutgåvene synker. Medietilsynets rapport «Norsk medieøkonomi» minner oss samtidig på at dei fleste mediehus, og særleg dei små lokalavisene, fortsatt er avhengige av inntektene frå papirutgåvene: Fådagersavisene har ca. 22 prosent av driftsinntektene frå digitale kjelder, medan lokale vekeaviser, som ofte er organisert i LLA, berre har 17 prosent av inntektene frå digitale kjelder. Med andre ord: Dei små lokalavisene er fortsatt i ein utsatt posisjon. Det er dermed eit åpenbart behov for at lokalavisene må ta sterkare digitale grep, ikkje minst for at dagens ungdom i framtida skal bli brukarar av redaktørstyrte lokale medier.

I lys av alt dette har LLA også i fjor tenkt to tankar samtidig; vi arbeider med kompetansetiltak som ivaretar både papir- og nettinntektene, blant anna gjennom prosjektet «digitalt annonsenettverk», der vi har leigd inn Espen Forsberg i Hallingdølen på timebasis for å leia prosjektet. Dette samarbeidet held fram i år.

Vi har også hatt med oss Holger Austvoll, tidlegare Strandbuen, som fungerande marknadssjef gjennom heile året, då LLAs Geir K. Hus har hatt 75 % permisjon for å lage ei ny bok.

Dei fungerande marknadsmedarbeidarane hadde blant anna ansvaret for marknadssporet på Lokal & digital-konferansen på Flesland, og eit salgskurs på Gardermoen, sist haust. Begge deler var svært vellukka med god oppslutning.

LLA har også halde fram med idé- og erfaringsutveksling gjennom LLAs idébank og idéhefte. Vi har også ført vidare dokumentasjonsarbeidet gjennom opplagstall, dekningstal og annan nøkkelinformasjon.

Opplag

Opplagstala viser at lokalavisene framleis står sterkt blant abonnentane og annonsørane. 2022 syner at avisene har teke med seg mange av dei nye abonnentane dei fekk i 2021 inn i det neste året. Opplagstala er nokså stabile frå det eine halvåret til det andre. LLA-avisenes samla opplag aukar med 0,5 prosent det siste halve året av 2022, det er det same som andre halvår i 2020. Avisene i LLA har no eit netto opplag på nesten 358 100. Dette syner tal frå Mediebedriftenes Landsforening

og LLA. Opplagstala er dei einaste tala som følgjer pengestraumen i avisene, og slik er desse kontrollerte og godkjente tala eit viktig kvalitetsstempel som avisene har god nytte av. Tala er dessutan viktige overfor annonsørar og lesarar. Opplagstala er også utgangspunkt for spreiningstala og husstandsdekningstala som LLA arbeider fram for medlemsavisene. Denne dokumentasjonen er til god hjelp mellom anna for mediebyråa.

I andre halvdel av 2022 var det avisa Eidsvoll Ullensaker Blad som auka med flest abonnentar medan avisa Lofoten hadde størst prosentvis vekst.

Innovasjonsprosjekt

LLA har også i 2022 fått midlar til å hjelpa medlemsavisene i den digitale overgangen og til prosjekt rekruttering. Vi hjelper lokalavisene med å få plass og utvikle gode nettaviser. Det er svært gledeleg at storparten av avisene som er medlemmer i LLA no har eit digitalt tilbod.

Det siste halve året har vi engasjert Bård Idås og Ann Mari Nygjerde som prosjektleiarar for prosjekt rekruttering. Eit arbeid som skal leggjast fram for landsmøtet i april 2023. Vi samarbeidde også med Universitet i Nord om karrieredag i Bodø.

Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok minst 480 personar på kurs i regi av LLA.

I 2022 fekk vi heldigvis arrangert fysiske kurs igjen, i tillegg til fleire digitale kurs. 100 personar deltok på Lokal & digital på Flesland. Konferansen blei innleia med diskusjon om ungdom og lokalavis og kva lokalavisene skal gjera for å vinna dei unge lesarane. Fredag var det føredrag om podcast med Nicolai Delebekk. Folkebladet og BA gav råd om korleis det er mogleg å løfta videoinnhaldet med få ressursar. Ei ny digital sjølvbetjentsløyising for annonser vart lansert. Det var føredrag om debatt, korleis finna nye annonseinntekter og råd for å få nye unge lesararar.

I juni arrangerte LLA i samarbeid med redaktørforeningen kurs for slitne lokalavisleiarar. Over 20 «slitne» redaktørar deltok på dette kurset.

Gjennom heile året hjelper LLA avisene med råd og rettleiing. Eitt av dei kanskje viktigaste kompetansetiltaka er LLAs idé- og kunnskapsbank. Her legg vi stadig inn nye gode døme frå avisene – både redaksjonelt, om marknaden og tekniske løysingar. Gjennom idébanken, som er open for heile mediebransjen, får avisene praktiske tips og gode idear. Vi har og planlagt og gjennomført kurs og kompetansetiltak for enkeltaviser og grupper av aviser.



Landsmøtet er vår største kompetansearena. Her var det i 2022 samla nær 250 lokalavismedarbeidarar som saman både aktivt tok del i kompetansebygging og lytta til ein av dei 12 ulike parallell-sesjonane under vegs i landsmøtet.

Det var føredrag om vanskelege saker i lokalsamfunnet, kva gjer lokalavisene når større nasjonale saker råka eit lokalsamfunn? Dette med Fred C. Gjestad i Raumnes, Sigbjørn Linga i Hordaland Folkeblad, Trond Idås i Norsk Journalistlag og Arne Jensen i Norsk Redaktørforening.

Det var kurs om korleis laga video i små redaksjonar og rettleiing i indesign, ved Stig Vågnes, Polaris Media Streamsenter.

Korleis få tak i lesarane under 40 år var ein av sesjonane og fjorårets vinnarar av årets lokalavis, Kyst og Fjord og Dølen delte sine tankar og fortalde korleis dei jobbar. Silje Skiphamn frå Faktisk fortalde korleis lokalavisene kan arbeida for å unngå å gjera faktafeil. Dette som døme på nokre av dei parallelle føredraga på landsmøtet.

Heile laurdagen var sett saman til å arbeida i saman i tidenes største idedugnad mellom lokalavisene. Totalt ti ulike tema vart det arbeid med, og dette vart seinare systematisert gjennom idèbanken til LLA.

Hausten 2022 vart det sett i verk eit nytt grave lokalt kurs i samarbeid saman med Senter for undersøkjande journalistikk. Dette var eit graveprogram i fire deler der 20 lokalavisjournalistar deltek. Programmet går vidare inn i 2023.

LLA innleia og eit samarbeid med Investigate Europe og SUJO om eit større prosjekt i undersøkende journalistikk. 30 lokalavis-redaksjonar har meld seg på i dette samarbeidet som blir sett i verk i 2023.

Våren 2022 arrangerte LLA ei mangfaldsveke digitalt, med daglege lunsjsamlingar. På programmet stod mellom anna: NRK sitt mangfaldsteam, Siri Antonsen og Iram Ansari kom med gode råd til korleis lokalaviser kan spegla heile befolkninga.

Elisabeth Eide (OsloMet) hadde føredrag om kvifor kvite menn over 50 er overrepresentert i lokalavisene. Fjordenes Tidende fortalde om korleis ein kan gjera noko med dette.

Vest-Telemark blad og Klar Tale fortalde om korleis dei kan bygga nettverk og bruka språket til å inkludera fleire.

Siste førdragsrunde hadde tittelen: Han, hun og hen – kan fornying av språket gi fleire og yngre lesarar?

Kulingen og Karoline Riise Kristiansen (NRK) tok opp korleis lokalavisene skal forhalde seg til dette? Kulingen er ei lokalavis med mange unge kjelder. Dei fortalde om korleis det var å skriva om ein ikkje-binær transperson som tok sitt eige liv. NRKs språksjef Karoline Riise Kristiansen er oppteken av at språket skal bidra til inkludering, og kjem med eksempel på nye og gamle ord som kan føre til at lesaren blir inkludert.

Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeidd med rammevilkår. I 2022 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

Tilskottsutvalet

Tilskottsutvalet er oppnemnd av Kulturdepartementet for å handtera forskriftene for produksjonstilskot. Hilde Eika Nesje, redaktør i Bø blad, representerer LLA. Rune Hetland, pressepolitisk rådgjevar i LLA, er varamedlem.

Offentlegheitsutvalet

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeide med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er godt representerte i offentlegheitsutvalet. Frå LLA er Wenche Kulmo, Dølen med.

Norsk Presseforbund

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møtest medieorganisasjonane for å drøfte pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglige Utvalg (PFU). Rune Hetland er LLA sin representant i hovudstyret, der LLA og Norsk Lokalradioforbund vekselvis er medlem eller møtande varamedlem.

Distribusjonsutval

Arbeidet med distribusjon: LLAs styreleiar Øystein Øygarden, til dagleg redaktør i Vest-Telemark blad, og LLAs pressepolitiske rådgjevar Rune Hetland utgjer LLAs ekspertgruppe knyta til distribusjon av aviser. Generalsekretær Tomas Bruvik er med etter behov.

Referansegruppa for mediemangfaldsregnskap

Medietilsynet oppretta i 2018 ei ny referansegruppe som skal støtte Medietilsynet i arbeidet med å få utarbeidd så god reiskap for mediemangfaldsrekneskap som muleg. Pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA i dette arbeidet.

Bransjerådet

Bransjerådet er ein uformell, men viktig møteplass for organisasjonane i mediebransjen. Landslaget for lokalaviser, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Norsk Presseforbund, Fagpressen og Norsk Lokalradioforund kjem saman for samtalar, organisering av samarbeid, tiltak, avklaring av posisjonar og andre bransjeaktuelle saker. Generalsekretær Tomas Bruvik og pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA.

Styret

Det vart halde totalt fem styremøter, to av dei var fysiske. Totalt 37 saker var oppe til handsaming. Etter valet i juni 2022 er styret i LLA slik:

Styreleiar:

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad

Nestleiarar:

Tone Sidsel Sanden, Dølen

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad

Øvrige styremedlemer:

Lillian Holden, Hallingdølen, Svend Arne Vee, Firdaposten, Knut Martinsen, Avisa Hemnes, Trude Hiller, Steinkjer-Avisa

Varmedlemer:

Reidar Hystad, Sunnhordland, Christopher Johansen, Vennesla Tidende, Liv Maren Mæhre Vold, Alvdal midt i væla.

Rekneskap for 2022

Sak 3

| Navn | Regnskap 2022 | Regnskap 2021 | Regnskap 2020 | Regnskap 2019 | Regnskap 2018 |
|-------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Medlemspenger | 2 155 919 | 2 168 978 | 1 982 618 | 1 869 778 | 1 799 097 |
| Fellesannonser | 650 003 | 950 004 | 749 964 | 999 996 | 833 330 |
| Salg Produkt & arbeid | 312 900 | 239 932 | 255 336 | 237 809 | 268 966 |
| Markedskontingent | 502 252 | 477 551 | 538 119 | 481 783 | 487 400 |
| Kurs og landsmøte | 2 899 959 | 486 183 | 615 335 | 1 666 975 | 1 899 562 |
| Tilskudd offentlige | 670 000 | 655 000 | 640 000 | 525 000 | 760 000 |
| Prosjektstøtte | 1 431 250 | 1 490 932 | 1 807 000 | 2 541 850 | 328 050 |
| Andre inntekter | 110 000 | 191 878 | 76 750 | 151 971 | 100 000 |
| Sum inntekter | 8 732 283 | 6 660 458 | 6 665 122 | 8 475 162 | 6 476 405 |
| Varekjøp | 100 846 | 3 854 760 | 46 328 | 1 726 507 | 1 383 013 |
| Lønnskostnader | 4 888 664 | 224 473 | 3 941 734 | 3 392 555 | 2 670 574 |
| Kostnader lokaler | 458 247 | 366 041 | 245 073 | 262 937 | 202 893 |
| Leiekostnader | 185 995 | 170 020 | 129 354 | 72 276 | 69 815 |
| Verktøy og rekvisita | 37 862 | 24 483 | 83 688 | 123 163 | 119 812 |
| Kjøp av tenester | 1 375 996 | 681 327 | 900 086 | 1 421 891 | 987 681 |
| Kontorrekvisita | 72 822 | 217 061 | 207 980 | 394 213 | 205 148 |
| Telefon, porto, frakt, tidsskrifter | 44 118 | 83 755 | 73 397 | 53 596 | 52 638 |
| Reisekostnad inkl. diett | 797 278 | 536 930 | 437 372 | 848 375 | 432 083 |
| Reklame, kontingenter | 293 791 | 357 314 | 304 657 | 285 968 | 254 549 |
| Forsikringer | 13 874 | 12 935 | 6 165 | 5 755 | 20 398 |
| Andre driftskostnader | 11 373 | 7 918 | 33 356 | 7 942 | 31 949 |
| Tap på fordringer | 56 021 | 40 000 | 48 809 | 99 258 | 26 800 |
| Avskrivinger | 70 422 | 72 866 | 42 770 | 16 313 | 17 541 |
| Sum driftskostnader | 8 407 309 | 6 649 883 | 6 500 769 | 8 710 749 | 6 474 894 |
| DRIFTSRESULTAT | 324 974 | 10 575 | 164 353 | -235 587 | 1 511 |
| Finansinntekter | 51 671 | 120 629 | 23 227 | 39 743 | 29 412 |
| Finanskostnader | 1 944 | 428 | 45 466 | 525 | 476 |
| Ekstraordinære inn/kost | | | | | |
| Sum finans/ekstraordinære | 49 727 | 120 201 | -22 239 | 39 218 | 28 936 |
| RESULTAT | 374 701 | 130 776 | 142 114 | -196 369 | 30 447 |
| <i>Disposisjonar</i> | | | | | |
| Avset til prosjekt | | | | | |
| Avset til fri egenkapital | 374 701 | 130 776 | 142 114 | | 30 447 |
| Sum disponert | 374 701 | 130 776 | 142 114 | | 30 447 |

Balanse for 2022

Per 31.12.2022

Sak 3

| | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 |
|-------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Eiendeler | | | | |
| Anleggsmidler | | | | |
| Kontormaskiner, bygg, inventar o.l. | 141 050 | 211 472 | 128 006 | 97 862 |
| Finansielle anleggsmidler | 86 851 | 86 851 | 72 651 | 115 951 |
| Andre langsiktige fordringer | 177 111 | 175 877 | 27 702 | 27 702 |
| Sum anleggsmidler | 405 012 | 474 200 | 228 359 | 241 515 |
| Omløpsmidler | | | | |
| Kontanter, bank m.v | 4 958 785 | 4 405 762 | 4 122 820 | 2 445 136 |
| Debitorer | 785 814 | 192 043 | 785 252 | 753 173 |
| Andre kortsiktige fordringer | 43 836 | 43 632 | 149 134 | 106 091 |
| Varebeholdning | 13 450 | 18 450 | 20 450 | 21 950 |
| Sum omløpsmidler | 5 801 885 | 4 659 887 | 5 077 656 | 3 326 350 |
| Sum eiendeler | 6 206 897 | 5 134 087 | 5 306 015 | 3 567 865 |
| Gjeld og egenkapital | | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| Leverandørgjeld | 146 396 | 106 136 | 129 129 | 126 918 |
| Off. avgifter, skattetrekk m.m. | 349 612 | 338 264 | 296 080 | 304 523 |
| Annen kortsiktig gjeld | 2 967 970 | 2 375 469 | 2 749 863 | 1 201 094 |
| Sum kortsiktig gjeld | 3 463 978 | 2 819 869 | 3 175 072 | 1 632 535 |
| Avsett prosjekt | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Egenkapital | | | | |
| Aksjonsfond | 713 715 | 659 715 | 607 215 | 553 715 |
| Sum bundet egenkapital | 713 715 | 659 715 | 607 215 | 553 715 |
| Egenkapital, fri | 1 979 204 | 1 604 503 | 1 473 728 | 1 331 615 |
| Sum egenkapital | 2 742 919 | 2 314 218 | 2 130 943 | 1 935 330 |
| Sum gjeld og egenkapital | 6 206 897 | 5 134 087 | 5 306 015 | 3 567 865 |

Oystein Byggarden

Tone Sidsel Sunden

Annika Branti

Lillian Holden

Bo Hoff

Knut Håkonsen

Torodd Høyem

Rune

Christoffer Johnsen

Olav Moe Mohr Vold

Strategi og mål for LLA sitt arbeid i 2024 og 2025

Sak 4

LLAs strategi og handlingsplan skal vere oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdiar til langsiktige og kortsiktige mål.

Mål og strategi

Posisjon

LLA er den viktigaste pådrivar og påvirkar for gode rammevilkår for norske lokalaviser. Organisasjonen skal stå fremst i debatten for lokalmedienes betydning og er den samla og foretrukne organisasjonen for leiarar og tilsette i lokalavisene.

Visjon

Den viktigaste organisasjonen for lokalavisene.

Verdiar

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best mulege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunna.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

Mål

1. Rammevilkår
2. Kommunikasjon
3. Samfunnsoppdrag
4. Organisasjon

Langsiktige mål

1. Rammevilkår

LLA tar kampen i pressepolitikken og bygger nødvendige alliansar med politikarar, andre organisasjonar og konsern. LLA skal ivareta medlemsavisene sine interesser og må jobbe vidare for at LLA i strategiperioden får ein sterkare grunnfinansiering.

2. Kommunikasjon

Vere synlege og tydeleg i saker som er viktige for medlemsavisene og bruke konserna som samarbeidspartner. Vere relevant for aviseigarane i kjerneverksemda (teknologi, marknad og innhald). Halde jamn kontakt med dei som tek beslutningar for å få gjennomslag for rammevilkåra.

3. Samfunnsoppdrag og prosjekt

Vera ein kunnskapshub som har oversikt over kompetansen som medlemsavisene treng. Ein iverksetjar for større redaksjonelle fellesprosjekt (LLA-modellen) og organisere møteplassar for medlemmene. Ein forutsetning er god rekruttering av nye medlemmer, der LLA tar ei aktiv rolle gjennom eige prosjekt. LLA skal vera ein pådrivar og igangsetjar av nye samarbeidsprosjekt som kjem lokalavisene til gode i ei tid der den digitale utviklinga skjer svært raskt.

4. Organisasjon

Medlemspleie: Auke medlemstal og hindre utmelding. Ein sterk medlemsbase bygger truverde. For å lukkast er det avgjerande å bygge ei sterk og omstillingsvillig organisasjonskultur i en liten og dermed sårbar administrasjon. LLA må vere ein nettverksbygger/-arena og ha nødvendige kanalar inn i mediehusa.

Kortsiktige mål for 2024 og 2025

1. Pressepolitikk

LLA skal vere synleg i den sentrale mediedebatten. Arbeidet med å auka støtta til LLA sine medlemsaviser skal halda fram.

Politiske mål:

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt og søke samarbeid med andre bransjeorganisasjonar.

Konkrete mål:

LLA skal arbeide for:

Innføring av golv (minstesats) for produksjonstilskottet på eit nivå som gir eit viktig løft i produksjonstilskottet til lokalavisene. LLA skal arbeida for at aviser med inntil 12 000 i opplag får produksjonstilskott, prioritert gjennom auka rammer.

Best mogleg distribusjon av lokalaviser er framleis viktig, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten. Det må bli ei vidareføring av eksisterande distribusjonsløysing i minimum fem nye år.

2. Kommunikasjon

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene.

LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal hjelpe avisene med sals- og rådgjevingskompetanse.

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler. LLA skal arbeide aktivt overfor enkeltaviser, spesielt konsernuavhengige lokalaviser for å hjelpe dei med å lukkast digitalt

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalaviser som naturleg høyrer heime blant medlemsavisene.

LLA skal arbeida og sjå om det er mogleg å etablera eit annonsenettverk på tvers av uavhengige aviser og konsernaviser. LLA skal og iverksetja andre prosjekt som kan koma medlemmene til nytte.

3. Samfunnsoppdrag og prosjekt

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalen om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavisjournalistikken, både i omdømme og lesarmarknaden.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at lokalavisene blir endå viktigare for lesarane, lokalsamfunnet og Norge. Dette gjennom kurs, idébanken og innhaldsprosjekt og satsing på undersøkende journalistikk. LLA må vidareføre det positive samarbeidet som var med lokalavisene og NRK og Senter for undersøkende journalistikk, for i framtida klara å gjennomføra liknande prosjekt som «Folkevandringa». Dersom det ikkje er mogleg å samarbeide vidare med dei same aktørane må LLA arbeida vidare for å få etablert samarbeidsjournalistikk som eit varig element internt i organisasjonen, gjerne gjennom samarbeid med andre medieaktører.

LLA skal samarbeida med andre aktørar for at lokalavisene skal stå betre rusta til arbeid med gravande og undersøkende journalistikk.

LLA skal jobba aktivt mot utdanningsinstitusjonane med tanke på rekruttering av journalistar til lokalavisene.

4. Organisasjon

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for.

I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha tilgang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepolitikk og kommunikasjon. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

LLA må søkja å få eigen støtte frå statsbudsjettet, slik at organisasjonen kan halda fram å gjera eit særskilt viktig arbeid for lokalavisene i Norge.



Fastsetjing av medlemspengar for 2024

Sak 5

| | 2024 | 2023 | 2022 |
|---|--------|--------|--------|
| Medlemspengar | 475 | 475 | 475 |
| Serviceavgift | | | |
| For aviser med omsetning 0–10 mill. kroner i året | 9 500 | 9 400 | 9 300 |
| For aviser med omsetning over 10 mill. kroner i året | 9 900 | 9 800 | 9 700 |
| Eksemplaravgift etter godkjent opplag (inkl. digital betaling) | | | |
| Per eksemplar opp til 3000 | 2,15 | 2,10 | 2,05 |
| Per eksemplar 3000–4000 | 1,50 | 1,50 | 1,50 |
| Per eksemplar 4000–5000 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| Per eksemplar over 5000 | 0,25 | 0,25 | 0,25 |
| Opplagskontrollen | | | |
| Opplagskontroll | 1 600 | 1 600 | 1 600 |
| Opplagskontroll dobbeltmedlemmer LLA/MBL | - | - | Utgår |
| Aksjonsfond | | | |
| Innbetaling til aksjonsfond for aviser med éi utgåve i veka og oftare | 500 | 500 | 500 |
| Prosjektkontingent | | | |
| For aviser med omsetning 0–10 mill. kroner i året | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| For aviser med omsetning over 10 mill. kroner i året | 3 600 | 3 600 | 3 600 |
| Markedskontingent | | | |
| To promille av annonseomsetnaden for føregående år. Maks kr. 7 000. Denne kontingenten har vore uendra sidan 2003. | 2 ‰ | 2 ‰ | 2 ‰ |
| Avgrensing | | | |
| Medlemspengane skal samla ikkje overstiga per år for ei enkelt avis. | 33 690 | 33 490 | 32 990 |

Val av styre

Sak 6

Styremedlemmer

| | | |
|--------------------------------------|--------------|------|
| Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad | På val | 2 år |
| Tone Sidsel Sanden, Dølen | På val | 2 år |
| Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad | Ikkje på val | 1 år |
| Svend Arne Vee, Firdaposten | På val | 2 år |
| Lillian Holden, Hallingdølen | På val | 1 år |
| Knut Martinsen, Avisa Hemnes | På val | 1 år |
| Trude Hiller, Steinkjer-Avisa | På val | 1 år |

Leiar

| | |
|--------------------------------------|------|
| Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad | 1 år |
|--------------------------------------|------|

Nestleiar

| | |
|---------------------------|------|
| Tone Sidsel Sanden, Dølen | 1 år |
|---------------------------|------|

Nestleiar

| | |
|------------------------------------|------|
| Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad | 1 år |
|------------------------------------|------|

Varamedlemmer

| | |
|---|------|
| 1. Reidar Hystad, Sunnhordland | 1 år |
| 2. Liv Maren Mæhre Vold, Alvdal midt i væla | 1 år |
| 3. Christoffer Johansen, Vennessla Tidende | 1 år |

Revisor

| | |
|----------|---------------|
| Deloitte | Alltid på val |
|----------|---------------|

Forslag til valkomite

Hilde Eika Nesje, Bø Blad
Arve Skogen, Grannar

Forslag til ny valkomite

Hilde Eika Nesje, Bø Blad

Landsmøte 2024: Hamar

Sak 7





LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER

Landslaget for lokalaviser

Skippergata 24

0154 Oslo

Telefon 452 89 111

lla@lla.no

Org.nr. 969 970 864